

SVAMPEN

Internavis for Volda vidaregåande skule - Nr: 7. Juni 2008

Artige skuleaktivitetar i bilete



Portrettintervju Ana M. Stavem

I dagens samfunn er det mykje fokus på idrett. På landsbasis har vi mange profilerte aktørar innanfor alpint. *side 3*



Kongeleg vitjing under studentfestival

Under Den Norske Dokumentarfilmfestivalen kom både HKH Kronprins Haakon Magnus og programleiar Erik Solbakken til Volda. *side 2*

Kongeleg vitjing under studentfestival

Under Den Norske Dokumentarfilmfestivalen kom både HKH Kronprins Haakon Magnus og programleiar Erik Solbakken til Volda. Begge meinte at dokumentarfilm var ein god kanal å formidle korleis ting fungerer og at eitt slik arrangement er bra for både lokalbefolkninga og for studentane.

AV Helle Ulvestad

HKH Kronprins Haakon Magnus kom til Volda og Ørsta under opninga til Den Norske Dokumentarfilmfestivalen, men sjølv grunnen til at han kom var at den nye utescena på Ivar Aasentunet vart opna. Kronprinsen er nemleg positiv til nynorsk, og meiner at arbeidet for nynorsk er svært viktig.

- Det er veldig kjekt å sjå korleis de her oppe jobbar for nynorsken.

Noko viktig å formidle

Kronprinsen fortel at han meiner at dokumentarfilm har noko viktig å formidle. Ein får lære noko om korleis ting fungerer, noko som er viktig for at ein skal få sjå forskjellige sider frå same saka.

- Dokumentarfilm er ein god kanal for å formidle viktige saker, seier Kronprinsen.



** Kronprins Haakon meiner at dokumentarfilm er ein flott kanal å formidle viktige budskapar gjennom.*

Let politikarane svare på

Kronprinsen spøkar med at familien hans kanskje er den som nærmar seg Ivar Aasen når det kjem til reising, men legg fort til at det berre er når det gjeld kor mange fylke dei har vore innom. Ikkje reisemåten. Kronprinsen sjølv er veldig



** Det var mange born i Volda som fekk moglegheita til å helse på kronprinsen då han var på vitjing.*

positiv til nynorsk, og fortel at han les både nynorsk og bokmål. Han er også for at borna skal lære nynorsk, og seier at det kjem dei til å lære både på skulen og heime. Men om det skal vere valfritt eller obligatorisk vil han ikkje uttale seg om.

- Det let eg politikarane svare på.

Kjekkare enn å heise flagget

Inger Øye Halkjelsvik (3 år) hadde æra av å gi Kronprinsen blommar. Ho og broren, Morits Øye Halkjelsvik var av dei fyrst som helste på Kronprinsen då han kom til Volda. Dei tykte det var ei spanande og morosam oppleving å møte kronprinsen. Morits kunne endatil fortelje at det var enda kjekkare enn å heise flagget.

BarneTV og Superquiz-kjendis

Kronprinsen var ikkje den einaste «kjendisen» som møtte på dokumentarfilmfestivalen. På laurdag kom nemleg Erik Solbakken, kjent frå BarneTV på NRK1 og Superquiz på NRK Super, for å vere programleiar på folkefesten i Volda. Han skulle eigentleg kome mykje tidlegare, å vere med på heile festivalen, men sjukdom kom i veggen.

Fan av dugnadsarbeid

Solbakken seier at han personleg er stor fan av dugnadsarbeid og tykkjer det er

veldig flott at ein har eitt sånn arrangement, spesielt her i Volda. Han seier at det er mykje betre at det er lokalt, i Volda, mykje betre enn om det eventuelt hadde vore i Oslo. Det viktigaste er faktisk at det skjer noko, ikkje akkurat kva som skjer, men Solbakken understrekar at dokumentarfilm er ei fin ramme å ha om eitt sånt arrangement.

- Dokumentarfilmfestivalen gjer mykje for studentane, men og mykje for lokalbefolkninga.

Voldaquiz

Solbakken laga mykje liv på scena. Han fekk publikum til å le, både gamle og unge, for han hadde veldig mykje variert program. Mellom anna hadde han «Voldaquiz», namnet på grunn av at NRK har rettighetene til «Superquiz»



** Erik Solbakken og Henrik Aunehjelle på scena i Volda*

der to deltakarar fekk spørsmål som til dømes «Er det meir enn 25 000 innbyggjarar i Volda?». Begge deltakarane svarte ja på dette. Elles kledde han seg ut som ålesundaren Jon Arne Riise, og rappa til melodien av «E-ordet».

På scena mesteparten av festen

Elles hadde han ein «pappakonkurrans», folk som hadde ansiktsmåling fekk kome opp på scena, og mange av dei ville ikkje gå av eingong. Ein av desse var Henrik Aunehjelle (6 år) som var måla som bjørn, fordi han elsker alle typer bjørnar «endatil isbjørn» kan han fortelje med eitt alvorleg andletsuttrykk. Han gjekk nesten ikkje av scena i det heile. Han tykte det var utruleg morosamt at Solbakken kom, for han tykkjer han er kul.

Skijenta Ana M. Stavem: - Vil bli best mogleg

I dagens samfunn er det mykje fokus på idrett. På landsbasis har vi mange profilerte aktørar innanfor alpint. Men vi treng ikkje dra langt for å fine nokon som gjer det bra innan den sporten. På skule vår har vi nemleg ein alpinist.

AV Tonje R. Stavdal

Det er Ana M. Stavem, ei jente på 17 år som bur i Ørsta og går andre året på volda vidaregåande skule.

Det beste med å drive med alpint er i følgje Ana at ein oppleve mange ting som ein elles ikkje hadde hatt moglegheit til.

Ho synes det er veldig kjekt på prestere på høgt nivå, og spesielt det å komme opp på breane i Austerrike grytidleg om morgonen og sjå soloppgangen gir ein god følelse.

Kven ho har arva dette fantastiske talentet frå, er vanskeleg å seie. Ana er nemleg adoptert frå Colombia.

Til tross for at ho opphavleg kjem frå ein plass utan snø er ho utruleg flink, og det er ikkje rart ho er så populær blant sponsorane.

SPONSORAR

Haglöfs sponsar kleda henna, med ein viss sum i året. Følken sponsar skia henna, og dei kan ho ta så mykje ho treng av.

Swix sponsar stavane hinna. Svans sponsar henne med briller og hjelm. Elles er det mamma og pappa som tar seg av resten av utgiftene.



RETT FRÅ HAFJELL

Rett før dette intervjuet var Ana på Hafjell. Det var ho med i fire renn. Ho vann tre av dei renna, noko som er veldig bra til junior å vere.

Ho har hatt ein del topp ti plasseringar i utlandet, blant anna kom ho på 6. plass i eit renn i Austerrike. Ho fikk femte plass i utforrenn for junior. Ana har vunne NM for aldersgruppa 12 – 13,

junior. Ho har også deltatt i NM for eldre ungdommar, men diverre skada ho seg før ho var ferdig.

LETTAST Å LEGGE GRUNNLAGET NO

Det er no når ein er ung det er lettast å leggje grunnlaget for karriere innan alpint, så Ana sine framtidige planar er å satse på dette. Vidare utdanning har ho såleis tenkt å ta etter at ho har prøvd å bli best mogleg innan alpint.

KORLEIS DET HEILE STARTA

Ana begynte med turski då ho var cirka fire år gammal, slik som dei fleste andre gjer. Ho likte veldig godt stor fart og store nedoverbakkar.

Ein dag kom ho over slalåm og det likte ho veldig godt, og fann ut at dette var tingen for henne. Og så etter det har det berre bygd på seg. Ana sin draum er ein gang vinne NM eller OL.

INSPIRASJONEN

Ana har ein del ting som inspirerer og motiverer henne til å fortsette og ikkje gi opp. Lara Gut er ein inspirasjon for Ana.

Lara er berre på Ana sin alder og har allereie klart ein tredje plass i eitt World cup renn i år. Det at vesle Noreg har ein del verdsmeistrar, er også ein inspirasjon for Ana, for då veit ho at ho også har ein sjanse.

KORLEIS EIN KAN BLI BEST

Viten om at det er ein lang veg å gå, hjelper henne til å fortsette. Ho var på eit foredrag av Kjetil Andre Aamodt der han snakka om korleis ein skal halde ut og korleis ein kan bli best.

Det synst ho var til god hjelp. Så lenge ho veit at ho har gjort det beste ho kan, gjer det ikkje så mykje om resultatata ikkje er i toppklasse. Det viktigaste er at ho veit med seg sjølv at ho har ytt maksimalt.

FRITIDA

Ana trenar ein god del i fritida si for å vere på topp i skisesongen, og om sommaren spelar ho fotball. På grunn av at treninga tek opp så mykje av tida henna; må ho ofte ta igjen leksene som hopar

seg opp. Men når ein ser vekk frå dette, er ho akkurat slik som alle vi andre ungdommar. Ho hengjer med vennane, ser film og andre typiske ungdomsaktivitetar.

Dette var eit intervju med ei sportslig jente ifrå Ørsta. På grunn av skisesongen var det vanskeleg å få ho i tale tidlegare.

No i varmen er vel ikkje ski det vi tenkjer mest på, men kanskje kan ho vere ein inspirasjon for oss andre likevel? Ein ting er iallfall sikkert: Denne jenta kjem vi til å høyre meir frå!



Aktivitetsdag



Foto:
Ellen Bjørnset
Sunniva Lillebø
Therese Dalebø Eliassen



Skidag

Etter lang ventetid så kom endeleg skidagen til Volda vgs, og det gleda mange av elevane. Mange var kritiske til at det ikkje blei skidag før og rett etter påske. – Det er veir og vind som er med på å bestemme om det blir skidag, sa ansvarleg for skidagen, Trond Klepp.

- Erfaringane våre viser at det er mange som synest at det blir for kaldt på skidagen, så difor venta vi litt, seier Tone Klepp, som er gymlærer ved skulen.

Kjempekjekt

Det var ope i Nottane, og mange av elevane nytta seg av denne traseen. Der var og ein samlingsplass eit steinkast unna trekket, der både elevar og lærarar koste seg.

Ida Vartdal var oppi Nottane.

– Bra føre og kjekt at skulen har ein slik dag, seiar ho.

Ho legg til: Det var kjempekjekt.

Halvnice

Markus Olav Grøtta Helset og Vegard Kile var og bak i Nottane.


- Det blei litt blindføre grunna veiret, sa Helset.

Kile var litt skuffa over skidagen, - Det var ikkje heilt etter forventingane, men det var halvnice, sa han.

Utan ski

Dei utan ski koste seg nedom skibuda ved hovedtraseen. Nokon las blad, medan andre grillar. Nokon av dei som ikkje hadde ski, hadde tatt med seg akebrett. Dei brukte barnetraseen.

Av: Henrik Faustino Vatnebakk



*Sunniva Nicole Rebbestad er ein ivrig lesar av Det Nye



*Markus Olav Grøtta Helset og Vegard Kile



*Ida Vartdal for bak i Nottane.




*Åsa Alsaker på akebrett



*Dei utan ski



*Lærarar




*Alternativ utfor

Bursdagsliste:

01.06.08 Magnus K. Werenskjold
02.06.08 Marita Aklestad
03.06.08 Sondre Ivar Vikar Johansen
03.06.08 Sigrid Marie Mo
03.06.08 Magnus Andreas Holen Myrtveit
05.06.08 Ellen L. Riise Bjørneset
05.06.08 Lars Otto Lofthus Ose
06.06.08 Gard Digernes Eiksund
07.06.08 Ida Tangen Standal
08.06.08 Martin Morland
10.06.08 Joar Berg Kile
12.06.08 Bendik Yksnøy Bjerke
13.06.08 Erlend Sporstøl Vikestrand
13.06.08 Kathrine Øye
14.06.08 Susanne Drabløs Klungsøyr
14.06.08 Samira Rashidi
15.06.08 Mari Ann Ulvestad
16.06.08 Magnar Myklebust Lillerovde
17.06.08 Åse Apelseth Skaare
17.06.08 Marte Ryste Øren
20.06.08 Karoline Brekke Fagervoll
20.06.08 Anniken Berknes Otterdal
21.06.08 Svanhild Idun Vindenes Egge
21.06.08 Annette Reite
23.06.08 Cathrine Holte
25.06.08 Mailis Sara Marth Najdorf
25.06.08 Johanne Halse Ressem
30.06.08 Anja Ekrem
30.06.08 Ana Maria Stavem



Vi vil gratulere vårt kjære redaksjonsmedlem, Ellen Riise Bjørnestet med 18-års dagen den 05.Juni.



Til Mari Ann.

[kSxCio]

Me e dritglade i dej, Å gratulere me dagen! Me he hatt våre opttura og nedtura, men sann e det allti. Glade i dej e me å me synst det e tøft at du verte 18 om ett år. Og du e ALLTID like oppvakt, nÅke me ser klart påÅ bilde :D

- Helle og Lene



Kjære Bodils avkom.

Du e kul, gratulere me den heite bursdagen din. Du e stort sett kul, egentli, men veldi sur på oss i skrivande stond. Me håpe det går over, når du finne ut at ditte va hemmeliheita. Idun vil veldi gjerne spandere en muffins påÅ dej! Om ho får kjøpe den i USA.

KLEM frå Idun, Stine, Lene och Helle.

Hjernehinnebetendelse ved Volda vidaregåande skule

17. mai vart ei jente innlagt på sjukehus med hjernehinnebetendelse. Jenta går på Volda vidaregåandeskule, og vert no behandla. Alle elevane har fått informasjon, sann at ein kan ta sine førehandsreglar. Legane seier at det mest truleg dreier seg om den smittsame typen.

Hva er faresignalene man skal se etter?

* Nakkestivhet er ofte det viktigste symptom. Det gjør vondt når man prøver å bøye nakken. Hos små barn mellom null og to år er det ikke alltid at dette symptomet er til stede. Det

er derfor viktig med en vurdering av allmenntilstanden

* Frysninger og feber, ofte høy feber (39-40 grader), er nesten alltid til stede (hos alvorlig syke kan temperaturen være normal.). Man skal huske at smertestillende medisiner nedsetter feberen og kan derfor skjule symptomene

* Påvirket allmenntilstand hos barn kan ses for eksempel ved at barnet er trøtt og innesluttet og ikke orker å følge med på favorittprogrammet på TV. Det er vanskelig å holde kontakten med barnet - hvis man lar det ligge et øyeblikk, faller det i søvn. Det skal understrekes at vurdering av allmen-

ntilstanden til et barn er meget vanskelig, og er man i tvil bør vurderingen utføres av en lege

* Småblødninger i huden hos en person med de ovenstående symptomer er et meget alvorlig tegn. Blødningene er i starten på størrelse med knappenålshoder og kalles petekkier. Dette tyder på at bakteriene har spredd seg til blodet og bør føre til omgående behandling

* Hodepine, kvalme og oppkast følger ofte med

* Nedsatt bevissthet ses ofte

Horoskop sommaren 08.



Steinbukken: Du vil oppleve fantastiske ting som gir deg ny inspirasjon.

Vannmannen: Skjebnen vil tale.

Fisken: Tida vil ikkje stå stille denne sommaren.

Væren: Planane for sommaren vil utfalde seg som ei tulipan.




Tyren: Denne sommaren vil bli den beste hittil i livet ditt.

Tvillingen: Du vil møte mange spanande utfordringar på din veg.

Krepsen: Det vil bli satt inn mange nye nåler på kartet.

Løven: Du vil få mange nye venar frå forskjellige plassar.



Jomfruen: Kjærleiken vil blomstre som blomane i blomsterbedet.

Vekten: Du vil møte ein person du alltid har drøymt om å møte.

Skorpionen: Du vil setje dine fotspor i livet.

Skytten: Du vil få meir farge enn du nokon gang har hatt.

Jordbærkake

Det er snart sommar, det er godt og varmt, kva er vel ikkje betre enn å kose seg med ei heimelaga jordbærkake?



Dette treng du:

2 Egg

100 g. Sukker

1 ts. Vanilla

4 ss. Kveitemjøl

2 ss. Potetmjøl

1/2 ts. Bakepulver

1 kg. Norske jordbær

125 g. Sukker

1/4 l. Kremfløte

2 ts. Melis

1 ts. Vanila

Det fyrste du gjer er å slå på omnen, ca. 200 grader. Deretter piskar du to egg og 100 g sukker. På slutten har du ei teskei med vanilla nedi blandinga. No må du sikte mjøl, potetmjøl og bakepulver, til det brukar du sjølvsagt ei sikt. Så brukar du ei sleiv til å blande alt saman.

Leit fram ei rund kakeform, så tar du og smørjer den. Plasser deiga forsiktig i kakeforma.

Gutar: Behandle deiga som om deiga var ei dame. Steiketida er på

ca. 10 minutt.

Medan du let botnen kose seg i omnen, så lagar du til jordbæra og kremen.

Skyll jordbæra med kaldt vatn, og fjern stilkane. Så set du til sides ca. 25 jordbær, resten knuser du, og så blandar du det med 125 g sukker. Så piskar du kremfløte, melis og vanilla.

Blandinga er ferdig når du kan holde den opp ned utan at det blir noko søl. Det blir omlag 5 min. med intens pisking.

No har botnen kjølt seg av, så då kan du dele den i to. Halvparten av fyllet har du på eine botnen, og dekkjast med jordbærmosen. Den andre botnen leggjast over og dekkjast med resten av fyllet. Til slutt pyntar du med dei 25 jordbæra som du sette til sides.

Gratulerer! No har du laga ei nydeleg kake, som du kan kose deg med.

Internasjonal filmfestival i Volda

I år vart Den Norske Dokumentarfilmfestivalen arrangert i Volda for tolvte gong. Den har vore arrangert kvart år sidan 1997 og den er no den eldste og største dokumentarfilmfestivalen i Noreg. I år, som andre år, har programmet vore fullt av store namn innan film, og gode dokumentarfilmar.

AV Helle Ulvestad

Det er Ole Jacob Andersen som skal ha æra for å ha starta denne tradisjonen med dokumentarfilmfestival i Volda, han starta det heile medan han gjekk på dokumentarfilmlina ved Høgskulen i Volda. Det er vel ikkje til å stille spørsmål ved at stemninga vert heilt spesiell når filmskaparar, studentar og publikum frå inn- og utland møtast i Volda i det heilt spesielle sunnmørsværet.

Alt under kontroll

Før dokumentarfilmfestivalen fortalde informasjonsarbeidar Ingrid Sunde at ho trudde det kom til å verte ein veldig bra festival. Dei gledde seg veldig mykje og det hadde dei grunn til. Ein kan nok trygt seie at alle som var på festivalen hadde ei god oppleving.

Sunde sa at ho trudde dei hadde alt under kontroll og dei fleste var nok einige i det no i ettertid. Publikum seier at dei fekk inntrykk av at dei ansvarlege hadde peiling på kva dei skulle gjere.

Three Miles North of Molkom

Robert Cannan og Corinna Villary-McFarlane er regissørane av filmen som vart vist på opninga av dokumentarfilmfestivalen, «Three Miles North of Molkom». Dei fortel at dei tykkjer festivalen er eitt kjempeflott arrangement. Då dei vart spurt om å bidra med film visste dei ikkje at det var ein studentfestival, så det var ei overrasking for dei då dei fann ut det. - Det er bra at myndigheitene bryr seg så mykje om studentane, og støttar dei når dei vil lage filmar,



** Robert Cannan og Corinna Villary-McFarlane er svært nøgde med Den Norske Dokumentarfilmfestivalen.*

og liknande, seier Cannan og Villary-McFarlane og legg vekt på at kronprins Haakon Magnus kom på opninga.

Internasjonal festival

I tillegg seier Villary-McFarlane at dei er veldig nøgde med dei som bestemte kva filmar det skulle vere. Cannan nikkar einig og seier at det var svært gode filmar i år, dei var veldig flinke å velje ut. Men dei tykkjer det er ganske dumt at studentfilmane, som var på norsk, ikkje var teksta til engelsk. For som dei seier så er dokumentarfilmfestivalen ein internasjonal festival, og folk frå andre land enn Noreg kjem, og vil gjerne sjå filmar dei og.

Gledeleg reaksjon

Connan og Villary-McFarlane vart svært positivt overraska når dei viste dokumentarfilmen sin for publikummet. Det var fyrste gongen filmen «Three Miles North of Molkom» vart vist for eitt så ungt publikum, og reaksjonen var gledeleg.

- Det var verkeleg kjekt å høyre latter blant publikum.

For dei etablerte og dei i startfasen

I førekant av festivalen sa Sunde at det var veldig bra at også skuleelevar fekk vise fram filmane sine på dokumentarfilmfestivalen, fordi festivalen då kan vere ein arena både for filmskaparar i startfasen og dei som er meir etablerte.

Siste Svampen

God Sommar



** Framme frå venstre: Vaksjef Ellen Riise Bjørneset, Lisa Mari Ervik, Elevredaktør Henrik Faustino Vatnebakk.*

Bak frå venstre: Sunniva Sande Lillebø, Tonje Ramona Stavdal, Helle Ulvestad og ansvarleg redaktør Synnøve Moltudal.

Dette blir siste Svampen i dette skuleåret. Terminen har berre få skuledagar igjen, og oppi alt eksamen-stresset vil svampen-redaksjonen takke for seg og legge frå seg journalistblokk og kulepenn for denne gong.

Vi vil takke alle intervjuobjekta gjennom heile skuleåret, og alle som har bidrege med bursdags-helsingar og stilt opp på «fem på skulen». Utan dykk hadde ikkje svampen vore verken interessant eller eksistert.

Vi har hatt både små og store aviser gjennom dette året, men har alltid fått god hjelp frå våre medelevar på skulen. Vi håper vi har haldt oppe forventningane dykkar til skuleavisa, og at Svampen kan halde fram med dette til neste år.

Vi vil i tillegg ynskje alle tredjeklassingane lykke til vidare i livet, og håper på at alle samene får ei flott karriere og oppnår dykkar mål her i livet, og sjølv sagt tjener masse gryn.

Vi vil ynskje alle samene ein riktig god sommarferie og kryssar fingrane for solskinnsvær heilt til skulestart igjen. God ferie og takk for oss!

